


Bygdelagsstemnet på Folkemuseet 29. mai 2011



BLI MED PÅ DUGNAD PÅ PUSTUT

Stort lagsengasjement

Som nemnt i førre nr. av lagsbladet har det vore ein svært aktiv vinter for Sogn og Fjordanelaget i år: Fyrst meisterkonsert med *Arne Sølvberg* saman med *Jon Faukstad* 6. februar (sjå melding lengre bak), så årsmøtet i laget 14. februar, med godt frammøte, og i mars to årsmøte i Bygdelagssamskipnaden (BLS), der saka om framtida til Bygdelagshuset i Nordahl Bruns g. 22, både kven som skal eiga og korleis ein skal driva det frametter, var den viktigaste.

Laget vårt engasjerer seg sterkt i den saka og i BLS; me stiller med heile fire folk i styre og stell i BLS etter årsmøtet. No 2. mai var det eit nytt, stort medlemsmøte om framtida i og for Bygdelagshuset, med gruppearbeid og stort engasjement, mest om aktivitetar og kva behov laga har for lokalitetar i huset. Det vert no arbeidt med å få fram to tilbod, frå Olav Thon-gruppa og Bøndenes Hus AS. Omframt årsmøte om saka er førebels sett til 15. september.

Men det skjer meir både i lagsregi og i nærskyldne lag; tradisjonen tru dansar ringen framsynning fleire stader i Bærum 17. mai, og det er folkedans i Storsalen om kvelden. Torsdag 19. mai er det teater-kveld på Det Norske, stykket "Handverkarane" som har fått svært rosande omtale (kunngjort på nettsida vår, hentefrist på billettar 12. mai), rekehelg på Nordfjordhytta 21.-22. mai, sjå ei side lengre bak. Og dugnad på Pustut kvar helg fram til jonsok, slik at Sunnfjord-hytta skal bli klar til 50-årsjubileet til hausten.

Sjå elles uti bladet om kva som skjer i ringen og laget frametter, og ver velkommen både på øvingar, kurs, hyttehelgar og dugnader.

Alv Reidar Dale
Lagsleiar

Me har også teke med ein Sivle-sundag på Hedmarksvidda og ein forfattarkveld i Maridalen, som andre lag skipar til. Sjå eigne sider.

Rekeselskap på Nordfjordhytta

Helga 21. - 22. mai

Vi inviterer til hyttehelg med god mat og drikke og prat.
Ta med reker og høveleg drikke til festmåltid laurdagskvelden.

Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa

astrid.gjorven@vikenfiber.no - tlf. 22183295 (h), 98681829 (m)
dagfinn.aa@online.no - tlf. 21094802 (a), 45004933 (m)

Dugnad på Pustut

Det var stor innsats på hytta no sist sundag. Med fire mann i arbeid vart det mykje gjort.

Det vert ikkje dugnad helga 21-22 mai då dette kolliderar med rekefesten på Nordfjordhytta. Heller ikkje søndag 15. mai.

Men det vert dugnad lørdag 14. mai og helgane 28.-29. mai og 4.-5. juni. Då skal vi rydde og vaske og sette hytta i stand slik at ho kan brukast i sommar. Møt opp så mange som mogeleg desse helgane.

Helga 2.-3. juli skal tilbygget rivast og nytt reisverk setjast opp. Då trenge vi og mange som har litt erfaring med snikring.

Det er mykje arbeid som skal gjerast som vi ikkje rekk desse helgane. Så vi treng stadig folk. Ta kontakt med Hilmarr på hilmar@getmail.no eller 92067263 om du har ein ledig dag utanom desse datoane, også kvardagar.

Hilmarr Nummedal



Sogn og Fjordaneringen

17. mai og andre tilskipingar

Tradisjonen tru dansar vi på institusjonar i Bærum. Det vert oppmøte utanfor Mariehaven bo- og behandlingssenter, Dønskiveien 46, Gjettum kl. 12:15.

Danseprogram:

Kl. 12:30 Mariehaven bo- og behandlingssenter
Kl. 13:15 Martina Hansens Hospital. Kaffe og kake.
Kl. 15:00 Dønski bo- og behandlingssenter
Kl. 15:45 Vallerhjemmet bo- og behandlingssenter
Kl. 16:30 Solberg - Spesialsykehus for epilepsi

Kl. 18:14 til 20:11 er det brosteinsball og aktiviteter på Universitetsplassen i Oslo.

Kl. 20:00 starter dansen i Nordahl Brunsgate 22.



Frå dansinga i 2010.

Ringen skipar til folkedanskvelden søndag 22. mai, og det vert minikurs i Bingsjøpolska.

Bygdelagsstemnet på Norsk Folkemuseum vert søndag 29. mai og ringen skal danse.

Sommeravsluttinga vert tysdag 7. juni frå kl. 19.00. Serveringa er tradisjonelt salat og brød, og etterpå blir det kaffe og dans.

Pinsetur til Bornholm 10.-13. juni

Første øvinga til hausten vert tysdag 23. august kl. 18. Rettleiar vert Dagfinn og musikken syter Solvor for, som før.

Haustkurs på Klækken helga 30.09.-02.10. Påmelding innan 30.05.11.

<http://www.sognogfjordaneringen.no>

Women's World

Førdefestivalen 7. – 10. juli 2011

Festivalen presenterer eit program med fleire sterke kvinnelege profilar, både internasjonale og norske. I spissen står den største artisten i Afrika for tida; Oumou Sangaré (Mali, 1. biletet) og sigøynerdronninga Esma Redzepova (Makedonia, 2. biletet).



<http://fordefestival.no>

Bygdelagsstemnet

Velkommen til Bygdelagsstemnet søndag 29. mai 2011

Bygdelagssamskipnaden i Oslo (BLS) arrangerer sitt årvisse stemne på og i samarbeid med Norsk Folkemuseum på Bygdøy. Stemnet har røter langt attende til før 2. verdskrig og vert som regel halde første søndag i juni.

Kl. 12.00 Omvising på museet (Gamlebyen)

Kl. 13.00 Oppmøte med faner på Torget

Kl. 13.15 Start tog til Festplassen

Kl. 13.25 Opning v/Marianne Dahl

Kl. 13.30 Barnelaga i BLS

Kl. 13.55 Elevar frå Steinerskolen har oppvising

Kl. 14.15 Piknik på Festplassen, høve til grilling

Danseframstyringar og dans for alle

Danseframstyringar			
	<u>Setesdalstunet</u>	<u>Numedalstunet</u>	<u>Teletunet</u>
Kl. 15.00-15.30		Hordaringen Edvin Øen spelar	Symra Solvor Sundsbø spelar
Kl. 15.30- 16.00	Sogn og Fj.Ringen Solvor Sundsbø Spelar	Rundsnuen Edvin Øen spelar	Telelaget Elizabeth Gaver spelar
Kl. 16.15-16.45	Stildans v/Symra Solvor Sundsbø spelar	<i>Torget</i> Numedalslaget - Elizabeth Gaver spelar	<i>Plattingen/ Torgkafeen</i> Hallinglaget
Dans for alle som vil delta			
Kl. 16.45-17.10	Stordans	<i>Torget</i>	<u>Plattingen</u>
Kl. 17.10 – 18.00	Felles rekkedans, turdans og songdans		Bygdedans

**Kl. 18.00 på Festplassen:
Dans til musikk av Østerdølenes spellemannslag**

**Bygdelagssamskipnaden vil takke
Norsk Folkemuseum,
som i 62 år - sidan 1949 - har late oss få skipe til
det tradisjonsrike Bygdelagsstemnet
på museet sitt område!**

Oppstilling stemnetog frå Torget til Friluftsteateret:

BLS-fane
Hest og kjerre
Barnelaget i BLS
Barnelaget i BUL
Sogn og Fjordaneringen
Bondeungdomslaget
Oslo Songdanslag
Numedalslaget
Hordaringen
Hallinglaget
Valdreslaget
Telelaget
Symra


I tillegg til dei oppsette tidspunkta for dansing på Festplassen er det fritt fram å danse og spele i tuna for dei som ønskjer det!

Vi ønskjer alle ein triveleg dag!

I tilfelle regn flyttar arrangementet innandørs i eigna lokale

Meisterkonserten som var

Over 80 betalande fekk oppleve meisterkonserten med Arne Sølvberg og Jon Faulstad søndag 6. februar, før folkedansen i Storsalen. Laget ville heidre spelemannen og dansaren Arne Sølvberg med å skipe til konsert i høve tildelinga av Kongens fortjenestemedalje i sølv.



Arne Sølvberg med fela heime på Fjelli. FOTO: Inge Fænn ©

Arne spelte og fortalte historier og hendingar knytte til slåttane han framførde, mange av dei sjølvkomponerte i smalefjøset. Den allsidige Arne spelar på mange 'strenger', no brukte han både fløyte, eit munnspel etter far sin, utanom harding- og flatfele.

Ikkje berre spelet, men dansen har Arne, saman med kona Asbjørg og etter kvart dei tre borna deira, teke vare på og formidla vidare på ein framifrå måte. No fekk vi sjå flotte døme på det. Arne spelte, Asbjørg og sonen Audun dansa, så overtok Audun fela og Arne og kona dansa. At dei alle tre er A-dansarar, var ikkje vanskeleg å sjå.

Det store publikummet fekk ein interessant og givande time, den skulle berre vart lengre - som fleire uttrykte det etter konserten. Mange vart verande etterpå og drakk kaffi, åt vafler og prata.

Anny og Alv Reidar

Per Sivle – på Hedmarksvidda! Nordhue-platået **sundag 29. mai kl. 13.00**

FOTO: Alv Reidar Dale ©



Leikarringen Sølja på Hamar og den lokale turistforeininga skipar kvart år til ein tur og ei stemne på fjelltoppen Nordhue innpå Hedmarksvidda, dei siste åra med eit eige Sivle-program. Der står ein minnestein over Per Sivle. Sivle skal ha fått inspirasjon til diktet "Varde" (Vardevakt), som både vår ring og andre dansar, der.

I år er stemna sundag 29. mai:

Karl-Anders Hovden, soneson til presten og diktaren Anders Hovden, skal fortelja om den gode og nære venskapen mellom Sivle og bestefaren, Jens Brekke ber fram vossastubbar slik som berre han kan, det vert allsong, mat og kaffi og songdans ved støtta ute på vollen.



Vil du vera med, ta kontakt med leiaren, som skal oppover. Han har nærmere opplysningar. Vert me mange, må me ha eit par bilar til. Men hugs at det kolliderer med Bygdøystemna, så de må sjølve velja.

Alv Reidar D.

47 33 18 64

Arr.: Leikarringen Sølja og Hamar & Hedemarken Turistforening

Åse Marie Nesse-kveld i Maridalen kirke **søndag 19. juni kl. 19.00**



FOTO: Trine Mikkelsen ©

Forfattarkveld om **Åse Marie Nesse** i Maridalen kirke

Program:

Foredrag ved lektor Elisabeth Engelstad
Skodespelar Tone Ringen syng og les dikt
Musikk ved pianist Torhild Fimreite
Maridøl Gunnar Bjune held minikåseri
Kaffi og kaker på kyrkjebakken
Inngangspengar: kr. 100



Arrangør: Oslo mållag og Maridalen menighet

A

PROGRAM FOR VINTEREN OG VÅREN 2011

Tilskipingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Brunsgt. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. <http://sognogfjordanelaget.no/>

Kvar tysdag	Kl. 18 – 22 folkedansøving i Storsalen. 4/1 - 7/6 & 23/8-. Aktivitetskalender http://www.sognogfjordaneringen.no
Søndag 6/2	Meisterkonsert med Arne Sølvberg og Jon Faulstad
Måndag 14/2	Årsmøte i laget
Laurdag 5/3	Ringen har kurs i vestlandsspringar
Søndag 3/4	Minikurs i Parhalling
Laurdag 14/5	Dugnad på Pustut
17/5	Framsyning på institusjonar i Bærum. Ringen
Torsdag 19/5	“Handverkarane” på Det Norske Teatret
Laurdag 21/5	Rekeselskap på Nordfjordhytta
Laurdag 28/5	Dugnad på Pustut
Søndag 29/5	Bygdelagsstemnet på Folkemuseet på Bygdøy
Helga 4-5/6	Dugnad på Pustut
Tysdag 7/6	Sommaravslutting i ringen
10-13/6	Ringen på pinsetur til Bornholm i Sverige
Helga 2-3/7	Dugnad på Pustut
Tysdag 23/8	Første øving i ringen
Helga 30/9-2/10	Haustkurs på Klækken. Ringen

Lagsavisa – fristar mm.

Frist for stoff til den neste avisa er **9/8**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Tidspunkt kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til agnar.kvellestad@nvh.no. Alternativt som brev til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Kontakt oss på tlf. for avtale av andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilet; helst digitale, men tek gjerne og farge- eller svart-kvitt-papirkopiar. Spørsmål rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Kristin Vasbø.

Halset, Ragnvald
Postboks 4451 Nydalen
0403 Oslo

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo

STYRET

Leiar: Alv Reidar Dale [47 33 18 64](tel:47331864) (p) – [22 85 63 48](tel:22856348) (a)
a.r.e.dale@admin.uio.no

Kasserer: Hilmar Nummedal [22 68 92 78](tel:22689278) (p) – [92 06 72 63](tel:92067263)
hilmar@getmail.no

PRESSE & PR

Leiar: Agnar Kvellestad [22 49 45 96](tel:22494596) (p) – [90 53 36 96](tel:90533696)
agnar.kvellestad@nvh.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes [22 19 30 89](tel:22193089) (p) - [22 36 72 56](tel:22367256) (a)
agnar.hegrenes@nilf.no

Kontakt Sunnfjordhytta:
Andor Gjelsvik
andorgj@frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta:
Dagfinn Aa, daa@ssb.no [21 92 02 05](tel:21920205) (p) - [91 55 10 58](tel:91551058)

[67 90 61 34](tel:67906134) (p) - [21 09 48 02](tel:21094802) (a)

SOGN OG FJORDANERINGEN

Leiar: Anne-Lise Berggren [67 14 11 95](tel:67141195) (p) – [67147350](tel:67147350) (a)
alb@geofrost.no